



Lars Sandoff nyt i Dønhauglåven. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Med fare for at Bjarne Lilleaas vert fornærma, vil vi hevda at ein svenske var den mest ihuga og engasjerte entusiasten då The Rich Harpers Blues Band frå Los Angeles utfalda seg for i underkant av 200 i Dønhauglåven på laurdagskvelden.**



Rich Harper i aksjon i Dønhauglåven. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Lars Sandoff (47) er frå Gøteborg, men busett i Karlstad. Han gjekk ikkje glipp av ei tone og rugga i takt med musikken frå start til slutt.

Historia bak besøket til den engasjerte svensken er også heller spesiell. Han jobbar akkurat no for Aker på Stord og har vore alvorleg hekta på Harper lenge. Mellom anna var han på Sveriges største bluesfestival i Åmål – eit godt steinkast frå Karlstad – då Harper hadde stor suksess der i 2004 og 2007.

Då Harper spela i Skånevik for to veker sidan var Lars heime i Sverige, men då han kom attende såg han ein plakat på Stord om låvedansen i Uskedalen. Han visste slett ikkje kvar Dønhaug låg, men ringte Magne Huglen og fekk forklart vegen.

"Oppskrifta" var at han skulle ta ferje og buss, men så traff han ei uskedeling på ferja som like godt køyrde han direkte til feststaden. Der fekk han også til alt overmål overnatting – saman med idolet Rich Harper! Ikkje rart at han var rørt og takksam over servicen!

- Kva er det med denne 52-åringen frå Pennsylvania, spurde uskedalen.no svensken.
- Høyr berre, det finst ikkje maken til gitarist, han minnar om dei aller største i historia, svara Lars og ruggavidare.

Det er ikkje problematisk å forstå kvifor dei bluesfrelste var i den sjuande himlen laurdag. Truleg er ikkje alle klar over at Uskedalen denne gongen hadde vitjing av ein bluestrio av verdsformat.

- Rich Harper har absolutt svara til det vi venta oss, sa Magne Huglen i ei pause. Det var slett ikkje for sterksagt. Det er nærmast utruleg at to mann med gitar og ein med trommar kan prestera så mykje vellyd. Rich Harper legg for dagen ein utruleg musikalsk kreativitet og speglede, ofte med uventa og spanande lydbilete som held publikum fanga.

Han er sjølvært. Han har mellom andre Eric Clapton som førebilete men har utvikla sin eigen stil som har slått an over heile verda. Tidlegare i år har han til dømes hatt stor suksess i Thailand og på Taiwan og i Skandinavia har han nærmast vorte adoptert.

Det gjeld ikkje så mykje i Noreg der han no er på turne for første gongen, men i høg grad i Sverige. Han er også innoom Danmark i den skandinaviske rundturen sin, som varar frå juni til november.

Det var synd at det ikkje kom fleire for å oppleve Rich Harper. Men det blir nok tettare med folk i Dønhauglåven under augustkonserten. Då kjem fyrverkeriet frå Nord-Irland, Andrea Rice, att!

Av Ola Matti Mathisen